



Fotkunst vert produsert - her er det 5 år gamle Linnea Enes som gjer foten sin fargerik

**For 7 år sidan fekk Nelly Kjærland laga eit teppe med handavtrykk av 30 som var med i aktivitetar på bedehuset. I dag er ho igang med eit liknande prosjekt men denne gongen er det den eine foten som skal setta avtrykk. Og målsetjinga er å få med fleire, helst alle opp til 7. klasse, som deltek i barnearbeidet i huset.**

**- Dette skal symbolisera fellesskapet i barnearbeidet vårt, sa Nelly medan ho hjalp til med produksjonen av fotkunst på løpande band, Det vert ein fargerik og mangfaldig heilheit som KV skal tråkle saman til slutt,**



Fotkunst til tørk!

Medan kunsten vart produsert var tårnagentane og gullivergjengen i full aktivitet med sundagsskulesjef Elisabeth Fauskanger som inspirerende krumtapp. Ho var også med i Hobbyklubben til slutt. Det vart med andre ord ein ny aktiv kveld i bedehuset. Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Elisabeth Fauskanger lærer agentane ymse triks